

SELSKAPSSTRATEGI

2016 - 2019

VISJON

«Saman leiar vi Sunnmøre inn i framtida»

KJERNEVERDIAR

«Samlande, synleg og utviklingsorientert»

SLAGORD

«Utvikling gjennom samarbeid»

MÅL

Mål 1: Fremjing av sunnmørske politiske interesser

Mål 2: Fremje eit mangfaldig arbeidsliv

Mål 3: Utvikling av kommunale tenester

STRATEGI MÅL 1:

1.1 Vi er «på» dei store politiske sakene heile tida.

1.2 Sakene går som gode politiske prosessar internt i regionrådet, og då spesielt opp mot representantskapet («Sunnmørsrådet»).

1.3 Representantskapet gjer klare vedtak.

1.4 Vi driv lobbyverksemd frå sak til sak, ved jamnlege kontakt og møter med Mørebenken på Stortinget og andre politikarar.

1.5 Vi har kompetanse innan informasjon og samfunnskontakt, synast godt i media og er aktive i samfunnsdebatten.

1.6 Vi arrangerar årleg Arena Sunnmøre for formannskapa i kommunane.

STRATEGI MÅL 2:

2.1 Vi besøker næringslivet og kompetansemiljøa i regionen med tema innovasjon og utvikling.

2.2 Vi arrangerar årleg Sunnmørskonferansen i januar med tema regional konkurransekraft.

2.3 Vi utarbeider strategisk næringsplan for Sunnmøre i eit globalt perspektiv.

2.4 Vi vurderer eigna modell for organisering av samarbeidet mellom kommunar og næringsliv, til dømes i form av eit «Sunnmøre Utvikling AS.»

2.5 Fokus på dei unge i forhold til utdanning og arbeidsliv.

2.6 Fokus på moglegheiter innan grøn energi, i dette ligg både energieffektivisering og fornybar energi prosessane kring kommunereforma.

STRATEGI MÅL 3:

3.1 Rådmannsgruppa vurderar kvart av dei interkommunale fag-/tenestesamarbeida i regionrådet sin regi.

3.2. Rådmannsgruppa vurderar fortløpande å starte nye prosjekt for å støtte effektiv utvikling av kommunale tenester, jf. her også prosessane kring kommunereforma.